

# Vedtekter for bruk av Vestnes kommunevåpen

Samrøysta vedteke i kommunestyret 11. mars 1981

## §1 – Definisjon

Vestnes kommunevåpen, fastsett ved kongeleg resolusjon 11.4.1980, er raudt to gull spissar mot venstre.

## §2 – Generelt

Våpenet er kommunen sitt merke, og er rettsleg verna (Straffelova paragraf 328 – 19.3.1926).

Som hovudregel kan våpenet berre brukast av den kommunale administrasjonen og av kommunale **institusjonar** i samband med kommunale funksjonar og til dekorasjon.

Våpenet må ikkje brukast slik at det kan sjå ut som privat kjennemerke. Privat kjennemerke må heller ikkje stillast saman med våpenet. Våpendet må ikkje brukast i privat forretning som reklame, annonsering eller varemerke.

Formannskapet kan gi løyve til å bruke våpenet

- på souvenirgjenstandar av høg kvalitet
- til jakkemerke, bordflagg o.l.
- i merke for stemne og landsmøte når slike blir arrangert i Vestnes
- til pryd på skip o.a. av høg standard

I alle høve nå serskild søknad sendast til formannskapet saman med prøve eller nøyaktig teikning med forklarande tekst.

Kommunevåpenet skal alltid presentere seg på ein verdig og høvisk måte.

Våpenet kan i samsvar med reglane i paragraf 7 nyttast i heimane i læring og dekorasjon, men ikkje på ein måte som det gir urett inntrykk av at brukaren har ei kommunal stilling eller funksjon, eller til reklameføremål.

## §3 – Bruk av våpenskjold

Våpenskjoldet skal brukast med sine rette fargar, heraldisk raudt og gull. På trykksaker kan våpenet trykkast i svart og kvitt. Våpenet kan brukast til eigarmerke på kommunen sin bygningar, bilar og andre gjenstandar.

## §4 – Bruk av kommuneflagg

Flagget kan heisast når kommunestyret/fylkestinget har møte, på kommunale merkedagar og elles etter nærare vedtak.

Brukt saman med det norske flagget eller riksvåpenet, har kommunevåpen/kommuneflagg lågare rang.

## **§5 – Bruk av våpenet i fane og banner**

Våpenet kan utførast som bordflagg eller banner og brukast som dekorasjon ved kommunale tilstellingar.

Hengande banner i stort format kan brukast til dekorasjon etter nærare vedtak.

## **§6 – Bruk av våpenet i stempel og segl**

Våpenet kan brukast i kommunale etatar/institusjonar i rundt stempel eller segl med etaten eller institusjonen sitt namn i ein innskriftsring rundt våpenet. Proposjonar og skrifttype skal vere som i det vedtekne seglet: «Ordførar i Vestnes».

## **§7**

Våpenet kan utførast i ymse materiale og teknikkar, t.d. plastisk flatestil, måla, teikna, vevd, brodert eller gravert. I alle høve må det setjast høge krav til kvalitet i utforminga. Utforminga må alltid vere i samsvar med tekniske og heraldiske kvalitetskrav med rett form, farge og proposjonar.